



Åse Hundvin
Skornesvegen 60
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1037 - 16/8999

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.04.2016

Registrert lekkasje på slamavskiljar. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 56/1 Hundvin

Lindås kommune har 23.03.2016 motteke melding frå Jonny Birkeland Transport om lekkasje frå slamavskiljar på eigedommen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer.
Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Lekkasje i slamavskiljaren må tettast/evt. må slamavskiljaren utskiftast. Frist for arbeidet vert sett 25.04.16.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbeta ein avløpsleidning/anlegg/slamavskiljar må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Når lekkasjen er reparert/tanken er utskifta må vedlagte «skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg» fyllast ut av utførande rørleggarføretak og returnerast til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

AnleggID=68793_OppdragID=1812894_DSC00030

AnleggID=68793_OppdragID=1812894_DSC00029

Mottakarar:

Åse Hundvin

Skornesvegen 60 5955

LINDÅS